

Informasjonsskriv

1/2025

Produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket del 1 2025

Søknadsfrist for del 1 av søknad om produksjonstilskudd er 15. mars. Då skal ein registrere antall husdyr ein disponerer 1. mars. Ver ute i god tid. Systemet opnar 1. mars.

Alle som har husdyr må sende inn del 1 då dyretalet legg grunnlaget for kva du får i avløysartilskot og arealtilskot i del 2. Opplysningane i levert søknad kan endrast fram til 29. mars.

OBS! Søknad kan leverast inntil 14 dagar etter søknadsfristen, men tilskotet vert då redusert med kr 1.000 for kvar dag etter 15. mars.

Informasjon, rettleiing og søknadsmateriell finn ein her: [PT og avløysing](#).

Utbetaling av produksjonstilskot og avløysartilskot for 2024 var i veke 7. Klagefrist er 3 veker etter motteke vedtaksbrev.

Ny forskrift for lagring og bruk av gjødsel

Ny forskrift for bruk av gjødsel kom i år. Dei fleste endringane vert gjeldande frå 2027. Fristen for å ha ut gjødsel om hausten vert framleis 15. september. Det er mengda fosfor som no styrer kor stort spreieareal ein må ha. Vi vil informere meir når vi har fått meir detaljar på plass.

Oppdatering av gjødslingsplan før kvar vekstsesong

Gjødslingsplanen er verdipapiret som skal syne at drifta har balanse mellom behov og tilførsel av næring til plantane, og for å hindre unødvendig avrenning av næringsstoffer. Ved søknad om produksjonstilskot, RMP, KSL, SMIL-midlar, mv, er det spørsmål om føretaket har gjødslingsplan. Vi oppmodar alle om å sjå etter om planen er ajour og at den gjeld for 2025. Dersom det er behov for nye jordprøver så har vi utstyr for utlån.

Den nye gjødsselforskrifta gjer at reglane for fritak for gjødslingsplan er endra. No er fritak mogleg å få dersom ein har mindre enn 25 daa jordbruksareal.

Tilskot til tiltak i beiteområde

Søknadsfrist **1. april**, og vi har fått ei ramme på kr 110 000 i kvar kommune i 2025.



Utvalde kulturlandskap i Hjørundfjorden og Norangsdalen.

Ny årleg tildelt ramme er på kr 760 000. Søknadsfristen for investeringstiltak er **15. april.**

SMIL – Spesielle miljøtiltak i landbruket

Det er framleis ledige midlar i Ørsta. I Volda er det lite igjen, men ein kan søkje i påvente av midlar.

Regionalt miljøprogram (RMP)

Utbetalinga for 2024 vert 13. mars. Det er 3 vekers klagefrist frå datoen ein mottok vedtaksbrevet eller melding om at vedtak ligg i Altinn.

Mange søker om – og får tilskot til tidleg spreiking av husdyrgjødsel. Vi oppmodar om at de fører noteringar over spreikingane med data for dato/mengde/stad.

Dokumentasjon på bruken av husdyrgjødsel kan vert kravd dersom det vert kontroll av søknaden.

Har du vipe, storspove eller åkerrikse i enga di? Gjennom RMP kan du få tilskot dersom du må utsetje slåtten e.l. for å hegne om reirplassen. Utsett slått ikring reiret kan berge eit kull med ungar. Ta kontakt når fuglane kjem då det skal lagast ein enkel avtale med Statsforvaltaren. Tilskotet er på kr 4.000 per daa.

Fornyng av autorisasjonsbevis plantevern.

Ved spørsmål; ta kontakt med Emma Kjøde.

Viser elles til informasjonsskriv om tilskotsordningar i jordbruket som var utsendt i byrjinga av februar for meir utfyllande informasjon om ordningar.

Landbrukskontoret i Ørsta og Volda ynskjer alle produsentar ei fin tid framover!

Med venleg helsing

Liv Bente, Børild, Peder, Jan Endre, Emma og Oddhild!

